

Øystein Hella Skiftesvik
oystein.hella@skiftesvik.no
Gina Hella Skiftesvik
gina.hella@skiftesvik.no
Selfallet 80
5936 Manger

Manger, 18.6.2020

Alver kommune – byggesak
byggesak@alver.kommune.no

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 1-8

Underteikna er heimshavarar av Gnr/Bnr 445/320 (Selfallet 74). Denne eigedomen er delt i to teigar: ein teig på 971,2 m² i sjølve bustadfeltet med ein einebustad på, og ein teig på 283,4 m² ved Mangersvågen der det står eit naust og eit nothus. Me har no bygd ny einebustad (Selfallet 80) og ynskjer å selja Selfallet 74, men samstundes behalde naustteigen.

Søker difor om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, til frådelling av teigen ved Mangersvågen til eige gards- og bruksnummer. Me ser ikkje at hensyna bak føresegna i §1-8 vert tilsidesett ved ein dispensasjon. Bygningane og bruken av dei vert den same som før. Konsekvensar for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge vil òg vere uendra. Teigen er i reguleringsplanen for Selfallet regulert til naust.

Dersom kommunen ynskjer det vil me tinglyse rett til parkering for naustteigen på Selfallet 80, (445/437).

Vegrett frå naustet er tinglyst på Gnr/Bnr 445/7.

Delingsløyve er tidlegare gjeve for same teigen (Radøy kommune 16/1116 - Delingssak Gbnr 45/320 Selfallet/Manger – naust) utan at oppmålingsforretning er gjennomført.

Med venleg helsing



Øystein Hella Skiftesvik



Gina Hella Skiftesvik